



MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 22. mars 2022 kl. 1800-1930

Stad: Rådhuset i Odda

Desse møtte: Jan Asbjørn Utne, Eivind Tokheim, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Forfall: Johnny Vikne

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 28.3.2022

Saker til styremøtet:

UFS 11/22: Orientering

UFS 12/22: Høyring reinskvote

UFS 13/22: Reinsjakta 2022

UFS 14/22: «Oppsynshytta» på Raudåna

UFS 15/22: Næringsturisme ved Langavatnet

UFS 16/22: Elgjakta – jakttid og fredingssoner

UFS 17/22: Eventuelt

Jan Asbjørn Utne /s/

Eivind Tokheim /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/ Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstypesamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullenvang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 11/22: Orientering

Saksdokument:

Postliste:

- 2022.02.17-011.3 Fjellstyresambandet - Allemannsrett og ferdsselsreguleringer i utmark
- 2022.02.21-001.5 Villreinutvalet - Høyring villreinkvote og tiltak Hardangervidda 2022
- 2022.02.25-434.0 Ullenvang fjellstyre - Oppmoding om oppheving av lokal forskrift
- 2022.02.28-145.9 Ullenvang fjellstyre - Søknad om midlar frå Hardangerstiftninga vår 2022
- 2022.03.1-001.5 Villreinutvalet - Invitasjon til vårmøtet 2022
- 2022.03.04-127 Odda Revisjon - Revisjonsmelding 2021
- 2022.03.04-001.1 Miljødirektoratet - Håndtering av skrantesyke 2022
- 2022.03.04-001.5 Villreinutvalet - Referat fra informasjonsmøte 2.3 om bruk av salt til beitedyr i Hardangervidda-sonen 2022
- 2022.03.08-145.9 Ullenvang fjellstyre - Søknad om midlar til solcelleanlegg frå Kvinnheradstiftninga
- 2022.03.10-137 Ullenvang skulemusikklag-Gåvepremie basar
- 2022.03.11-017.8 Røldal fjellstyre - Avklaring forvaltning Breifonn SA

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Gjennomgang av postlista. Sekretær sender påmelding på vårmøtet for dei som skal ha overnatting.

Vedtak (sak UFS 11/22):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.



UFS 12/22: Høyring reinskvote

Saksdokument:

- 12-22 Høyring forslag villreinkvote Hardangervidda 2022

Saksutgreiing:

Villreinutvalet har sendt på høyring framlegg til villreinkvote for Hardangervidda 2022, i tillegg til ein del tiltak for å auke avskytinga.

Villreinutvalet har skrive ei grundig saksutgreiing som grunnlag for framlegg til bestandsmål, kvote, jakttid og andre tiltak for å auke avskytinga.

Villreinutvalet sine tilrådingar er som fyljer:

Det anbefales følgende kvote, korttyper og jakttid høsten 2022:

- Det tildeles en kvote på 8.000 kort.
- Kvoten tildeles med 50% av korttypen «valgfritt dyr» og 50% av korttypen «voksen bukk 2,5 år og eldre».
- Det inkluderes en ekstra kalv i hver av korta. Kort utformes med to kjøttmerkelapper.
- Karttypen «voksen bukk 2,5 år og eldre» omgjøres til «valgfritt dyr» fra og med tirsdag 6. september.
- Ordinær jakttid utvides i forkant, i perioden fra og med 10. til og med 19. august.
- Ordinær jakttid kan utvides i etterkant, i perioden fra og med 1. til og med 7. oktober dersom det vurderes å bli et for lavt jaktuttak frem til 30. september.
- Utvidelse av jakttiden gjøres for områdene sør for rv. 7.
- Ulike tiltak som ble gjennomført for å bidra til god felling i 2021 anbefales videreført i 2022.

Villreinutvalet ber om ei tilbakemelding frå valda på fyljande spørsmål:

1. I mangel av vedtatte bestandsmål har villreinutvalet fastsatt bestandsmål som utgangspunkt for årets kvotevurdering. Er du, med utgangspunkt i dagens situasjon, enig i at det tas utgangspunkt i følgende mål:

- | | |
|---|--|
| a) kalvetilvekst på 1.500 kalv | Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> |
| b) minst 4.500 dyr før kalving | Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> |
| c) redusere andel bukk 3,5+ ned til 0 – 3% etter jakt | Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> |

2. Jeg støtter villreinutvalets forslag til kvote (antall kort og fordeling korttype): Ja Nei

3. Dersom du **ikke** støtter utvalets forslag til kvote, angi ønsket kvote her:

Kvotestørrelse: kort

%-fordeling korttype: valgfritt dyr, bukkekort, antall SU og kalv

(med bukkekort menes kort der det kun kan felles bukk 2,5 år og eldre)

Bør kalv inkluderes i voksendyrkorta? Ja Nei



4. Jeg støtter forslaget om utvidet jakttid i perioden 10/8 – 19/8: Ja Nei
5. Jakttiden bør kunne utvides i perioden 1 – 7/10 dersom få dyr er felt: Ja Nei
7. Bør posisjonen til gps-merkede dyr / www.dyreposisjoner.no være tilgjengelig for jegerne med ett døgn forsinkelse: Ja Nei
8. Bør myndighetene bistå økonomisk til utfrakt av felte dyr med fly/helikopter: Ja Nei
9. Bør det innføres et økonomisk tilskudd til jegere som leverer inn cwd-prøver og kjeve fra Felt voksen bukk? Ja Nei

Kommentarer:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Orientering om tilrådinga frå villreinutvalet ved Jan Asbjørn Utne.

Vedtak (sak UFS 12/22):

Ullenvang fjellstyre sender fyljande høyringssvar:

	Høyringssvar:
1 a) Bestandsmål kalvetilvekst på 1.500 kalv	Ja
1 b) Bestandsmål minst 4.500 dyr før kalving	Ja
1 c) Bestandsmål redusere andel bukk 3,5+ ned til 0-3% etter jakt	Nei
2 Støttar villreinatalvet sitt forslag til kvote	Nei
3 Ønska kvote:	3000
3 Fordeling:	50% valfritt dyr, 50% bukkekort, kalv inkludert i vaksenkorta
4 Utvida jakttida i perioden 10/8-19/8	Nei
5 Jakttida bør kunne utvidast i perioden 1-7/10 dersom få dyr er felt	Nei



7 Gps-posisjon på www.dyrepositorisjoner.no tilgjengeleg for jegerane med eit døgns forseinking	Ja
8 Økonomisk bistand frå myndighetene til utfrakt av felte dyr med fly/helikopter	Ja
9 Innføring av økonomisk tilskot til jegerar som leverer cwd-prøve og kjeve frå felt vaksen bukk	Nei
Kommentarar: Framleggget frå villreinutvalet svekkar vilkåra for reinen. Ein må finne strategiar for å auke uttaket på andre måtar. På grunn av den tørre sommaren 2021 som resulterte i dårlige sommarbeite treng reinen no tid til å bygga seg opp att, og ein bør difor ikkje utvide jakttida. Det finns lite kunnskap om cwd-statusen i andre villreinområde enn Hardangervidda og Nordfjella – for å auke kunnskapsnivået bør ein auke bukkeuttaket i dei andre villreinområda.	

UFS 13/22: Reinsjakta 2022

Saksdokument:

- 13-22 Ordningar for jakta som gjeld inntil vidare

Saksutgreiing:

Jakttid:

Villreinutvalet tilrår jaktstart 10. august. Vidare tilrår dei i utgangspunktet siste jaktdag 30. september, men utviding av jakta til og med 7. oktober dersom dei vurderer det til å vere låg felling fram mot 30. september. Fjellstyret kan ta stilling til om ein skal fylje jakttida som blir fastsett av nemnd/miljødirektoratet, eller vedta ei anna jakttid.

Kortpakkar:

Basert på tilsvarande kvote som i fjor blir det tilrådd at det blir lagt ut pakkar på to kort (vaksen bukk og fritt dyr) og fire kort (2 stk. vaksen bukk og 2 stk. fritt dyr) for innanbygdsbuande. Dei som ynskjer fleire kort har då moglegheit til å kjøpe fleire enn to. Erfaring tilseier at det skal vere nok kort til alle innabygdsbuande med slike pakkar. Det må presiserast at ein blir tildelt den pakken ein set øvst på søkeraden, og at det ikkje er moglegheit til å endre tildeling etter trekkinga er gjennomført. Overskotet av kort etter tildeling til innanbygdsbuande kan seljast til utanbygdsbuande. Dersom fjellstyret ynskjer å sette eit tak på tal utanbygdsjegerar som skal få tildelt kort kan dei gjere det. Det som eventuelt blir til overs kan då seljast til innanbygdsbuande som allereie er tildelt kort som «tilleggskort» - men prisen for dette bør då vere 1.500.-



For utanbygdsbuande blir det tilrådd ei pakke på to kort (vaksen bukk og fritt dyr).

Overføring av kort:

Fjellstyret hadde følgende ordning i 2021:

Alle jegere som har fått tildelt kort fra fjellstyret kan overføre koret/kortene sine til andre jeger som har fått tildelt kort av fjellstyret. Dette medfører at kortet kun kan overføres en gang. Jeger som overfører kort har ansvar for innlevering av kortet til fjellstyret etter endt jakt.

Samjaktsavtalar:

Ullenvang fjellstyre hadde i 2021 samjakt med dei private valda i Ullenvang (utanom valda i Røldal) frå og med 7. september og ut jakta, for jegerar som var tildelt kort frå Ullenvang fjellstyre.

På slutten av jakta i 2021 blei det innført samjakt mellom Eidfjord, Øvre Numedal, Ullenvang og Røldal statsallmenning. Dette gjaldt frå og med 21. september og ut jakta. Fredingssonene blei samtidig oppheva.

Røldal fs har signalisert at dei er interessert i ein samjaktsavtale i år og. Det har ikkje kome førespurnad om samjaktsavtale frå dei private valda i år.

Det blir lagt opp til ei sak i Fjellstyra på Hardangervidda as om tiltak for å auke avskytinga (inkludert samjakt) for dei fire statsallmenningane. Sakspapira til denne saka blir sendt ut til fjellstyret når dei er klar. Fjellstyret kan eventuelt velje å ta stilling til framlegg til vedtak i den saka.

Det vil truleg kome ein førespurnad om samjakt frå dei private valda i Ullenvang. Fjellstyret kan drøfte på prinsipielt grunnlag samjakt med desse valda.

Eksisterande ordningar som gjeld inntil vidare (sjå vedlegg):

Jaktlag

Nattefreding

Telting

Fredingssoner

Opplæringsjakt

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Fjellstyret tek stilling til jakttid på eit seinare tidspunkt, etter at jakttidsramma er fastsett.

Vedtak (sak UFS 13/22):

1. Tidlegare gjeldande vedtak om jaktag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt blir vidareført.
2. Innanbygdsbuande jegerar blir tildelt eit kort på vaksen bukk og eit kort på fritt dyr. Dersom kvota tilseier det (dvs. 8.000 som foreslått frå villreinutvalet) får kvar jeger eit tilleggskort utan kostnad. Tilleggskortet er på fritt dyr for dei som blir trekt ut blant dei 50 % fyrste, og bukkekort for dei som blir trekt ut blant dei 50 % siste.
3. Innanbygdsbuande som er tildelt kort frå fjellstyret kan kjøpe tilleggskort viss det er kort til overs etter fordeling og trekking.
4. Innanbygdsbuande ungdom i alderen 16-19 år blir prioritert i trekkinga. Fødselsår gjeld.
5. Utanbygdsbuande blir tildelt eit kort på vaksen bukk og eit kort på fritt dyr.
6. Det blir tildelt kort til inntil 30 utanbygdsbuande jegerar.
7. Alle jegerar som er tildelt kort frå fjellstyret kan overføre kort til andre jegerar som har fått tildelt kort frå fjellstyret. Kort kan berre overførast ein gong. Jeger som har overført kort har ansvar for innlevering av korta til fjellstyret etter jakta.
8. Dei private valda blir gitt tilbod om samjakt frå og med 7. september og ut jakta på like vilkår som i 2021.

Vedtak om tildeling er gjort med heimel i fjellova § 24.

UFS 14/22: «Oppsynshytta» på Raudåna**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

«Oppsynshytta» på Raudåna er i därleg stand. Vedlikehaldet blei stoppa opp for nokre år sidan då det var planar om eit større vedlikehalds/ombyggingsprosjekt. Dette arbeidet blei aldri realisert. Ei ombygging er nok mogleg, men det er rote i golvbjelkane, og truleg lite av bygget som er verdt å ta vare på.

«Oppsynshytta» har dekka fjellopptaket sitt behov for overnatting i dette området. Hytta har blitt brukt av dei tilsette i sommarvekene når hytta ikkje har vore utleigd, og vore tilgjengeleg for det samla oppsynskorpset i heile reinsjakta. Behovet for eiga avdeling med fyringsmoglegheit i området må oppretthaldast, og det er difor naturleg å legge opp til ei hytte med to avdelingar.



Eit eventuelt nybygg er eit stort prosjekt:

- Planlegging av plassering, utforming, storleik – i dialog med vernemyndighetene
- Byggetekningar, innhenting av tilbod på material osv.
- Byggesøknad til kommunen og vernemyndighetene
- Søknad om midlar: Spelemidlar, Grunneigarfondet, Hardangerstiftinga
- Transport og arbeid

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om at det ikkje er eit alternativ å restaurere hytta.

Det skal sendast ein førespurnad til Statsforvaltaren og Statskog om «oppsynshytta» og naustet ved Belebu – med tanke på eventuelle nybygg (plassering, storlek mm). Ein tek sikte på å få dette med på synfaringsrunden til sommaren.

Vedtak (sak UFS 14/22):

Sekretær sender førespurnad til Statsforvaltaren og Statskog som nemnt i referatet.



UFS 15/22: Nærungsturisme ved Langavatnet

Saksdokument:

- 15-22 Notat frå Dæhlin Sand Advokatfirma

Saksutgreiing:

Fjellstyresambandet har fått ei vurdering frå advokat på problemstillinga knytt til nærungsturisme rundt Langavatnet (sjå vedlegg).

Notatet går grundig inn på kva moglegheiter som ligg i ferdssregulering i utmark. Allemannsretten gir alle rett til å ferdast til fots i utmark heile året, når det skjer «*hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet*». Allemannsretten gjeld for organisert ferdsel i utmark, som i regi av ein privat kommersiell aktør, på lik linje med all anna organisert ferdsel i utmark, men eit større turfølgje kan lettare vere til blempe for andre, og det kan til dømes vere naudsynt med større avstand frå teltleir til nærmeste hytte.

I notatet er føljande tema nemnt:

Teltreglane – i fylje friluftslova § 9 skal ikkje telt settast opp så nære bebudd hus eller hytte at det forstyrre bebuarane sin fred, og uansett ikkje nærmere enn 150 meter. For ei hytte gjeld dette berre når ho er bebudd, men sidan det kan kome folk til hytta etter at ein har slått leir er det hensiktsmessig å alltid finne leirplass i tilstrekkeleg godt avstand til hus/hytte.

Regulering av ferdsel – avgrensa moglegheit for kommunen, inga moglegheit for fjellstyret som er relevant i denne samanheng

Åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – kommunen kan med samtykke frå eigar eller brukar fastsette åtferdsreglar for eit spesifikt område. Det blir vist til omfattande telting med påfylgjande stor slitasje eller sanitære problem som eit døme på noko som kan vere grunnlag for å fastsette åtferdsreglar etter friluftslova § 15.

Sperring i medhald av friluftslova § 16 – kommunen kan med samtykke frå eigar eller brukar heilt eller dels sperre av eigedomen. Lite aktuelt for fjellstyret, då det vil gå ut over fjellstyret si eiga verksemd og brukarar.

Regulering etter naturmangfaldlova – moglegheit for regjeringa etter naturmangfaldlova § 22 til i forskrift gi reglar om gjennomføring av større arrangement i utmark og for naturstudie, fotografering mv. og for ferdselformer som i særleg grad kan vere skadeleg. Vedtaket etter denne heimelen har aldri blitt gjort, og er lite aktuelt for fjellstyret i denne samanhengen.

Mogleheitene fjellstyret har til å reagere ved brot på bestemmelsane i friluftslova er nemnt under punkt 5 i notatet:

Bortvisingsrett – Grunneigar eller annan brukar av området har rett til å vise bort folk som opptrer omsynslaust mm, jf. friluftslova § 11 andre ledd.



Skilting – Det er ikkje høve til å sette opp skilt om forbod mot ferdsel osv, men det kan settast opp skilt/oppslag ved ei fjellstyrehytte med info om avstandreglar for telting når hytta er i bruk.

Erstatning og straff – Skade og ulempe som følgje av lovleg ferdsel etter friluftslova må grunneigar/brukar tolle. Grunneigar/brukar kan kreve erstatning for omsynslaus ferdsel eller opphold, jf. friluftslova § 12. Eventuelle forsettleg eller uaktsomt brot på reglar gitt i medhald av friluftslova kan straffast med bøter. Brot på teltnedsetjinga av ein turistoperatør blir nemnt som eit døme på dette. Det blir vidare vist til at det er sjeldent brot på friluftslova blir politianmeldt, og at det er mest hensiktsmessig i fyrste omgang å bortvise og rettleie.

Konklusjon

For fjellstyret sin del er det mest aktuelt å ta tak i telting i 150-meterssona rundt hytta, bruk av utedoen til fjellstyret, og forsøpling i området.

Det kan vere aktuelt å ta kontakt med turistoperatøren det gjeld (viss det er kjent kven det er). Vidare kan det vere aktuelt å sette opp skilt på hytteveggen med info om teltnedsetjing. Det kan også informerast generelt om omsynsfull ferdsel og forsøpling. Det kan også vere aktuelt å sette opp skilt på utedoen om at denne ikkje kan brukast av andre enn dei som leige hytta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort diskusjon om eventuelle tiltak.

Eivind Tokheim forhøyrer seg for å finne ut kva for eit selskap det er som har hatt telteir ved fjellstyrehytta.

Vedtak (sak UFS 05/22):

Fjellstyret avventar meir info om selskapet som har hatt telteir ved fjellstyrehytta før det blir teke stilling til tiltak.



UFS 16/22: Elgjakta – jakttid og fredingssoner

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Kommunen har sendt søknad til Miljødirektoratet om å utvide jakttidsramma for elgjakt i Ullensvang kommune til å gjelde frå 15. august til 31. januar. Dei har ikkje fått svar på søknaden enno, så fjellstyret må eventuelt ta stilling til om jakttida på statsallmenningen skal endrast frå den opphavlege jakttidsramma (25. september til og med 23. desember) når Miljødirektoratet har gjort vedtak.

Tilsvarande blir spørsmålet om opprettning av fredingssoner i elgjakta vanskeleg å ta stilling til før ein veit om det blir utvida jakttidsramme. Det skal nemnast at omfanget av elgjakta (kvote på to dyr) tilseier at den eventuelle konflikten med reinsjakt-interessene uansett er svært avgrensa når ein ser på heile jaktperioden samla. Med dagens jakttid har elgjakta i stor grad gått føre seg i perioden 25. september til månadsskiftet. Tidlegare jaktstart på elg vil føre til at elgjakta blir gjennomført tidlegare i reinsjakta, men omfanget av jakta vil ikkje auke. Om noko kan det føre til at elgjakta blir mindre konsentrert i tid.

Eit eventuelt vedtak om opprettning av fredingssoner i elgjakta blir etter fjellova § 23 tredje ledd. Dette er eit vedtak som kommunen skal uttale seg til før det eventuelt blir gjort gjeldande. Dersom det er usemje mellom fjellstyret og kommunen må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka. Vedtaket kan ikkje grunngjevast med omsyn til villreinjakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Kort diskusjon om jakttid og fredingssoner.

Semje om å avvente svar på søknaden frå kommunen om utvida jakttid før ein tek stilling til jakttid og eventuelle fredingssoner.

Vedtak (sak UFS 16/22):

Fjellstyret avventar avgjersle på søknaden om utvida jakttid.



UFS 17/22: Eventuelt

Innkjøp av båtar:

På grunn av leveringsvanskar frå produsent av båtar i fjar blei det berre kjøpt inn ein av dei to som var bestilt. Dersom fjellstyret skal kjøpe inn denne båten i år vil ein gå ut over budsjettet på 40.000 til innkjøp av båtar i år. Total kostnad for fire båtar (Nedsta Krokavatnet, Vetla Uravatnet, Tuevatna og Svervetjødn) er om lag 78.000,-.

Det var semje om å kjøpe inn dei fire båtane i år.

Mindre innkjøp til hyttene

Kort diskusjon om mindre innkjøp i regi av hyttestyra. Semje om at hyttestyra gjer mindre innkjøp til hyttene utan godkjenning frå fjellstyret.